



Endeleg var det laurdag og tida var inne for å besøke bestemor. Bestemor sat inne i stua der ho alltid sat, gyngande fram og tilbake i stolen sin. Det rynkete gamle fjeset blei til eit einaste stort smil i det ho såg oss. Kvar dag sat ho her i stua og strikka klede til meg. Vekas høgdepunkt var laurdag for ho, for då kom mor mi og eg på besøk. Det lukta herleg av nysteikte bollar frå kjøkenet. Vi gjekk inn på kjøkenet og sette oss ned ved det kvite bordet. Safta og bollane var klare. Bestemor fortalde om når mor vi var lita og når bestefar fortsatt var her. Det var den lukkelegaste tida i livet hennar. Då bestemor var ung hadde ho vore songar. Ho fortalde om når ho hadde vore i Bergen for å opptre. Det var der ho hadde møtt bestefar. Han var ein ung, kjekk bergensar og for ei jente frå Sogn var det endeleg lett å bli sjarmert. Eg hadde høyrte det før, men glæda eg kunne sjå i auga hennar gjorde at eg tagde om det. Tida var inne for at mor mi og eg skulle gå. Vi sa hade til ho og gjekk ut. Gjennom glaset kunne eg sjå ho, gyngande fram og tilbake, einsam.

No i adventstida kan vi alle hugse på dei som ventar på besøk. Dei som sit og trur at ingen kjem. Når vi sit og kosar oss og adventslysa er tende, julemusikken er på så kan vi tenke på at dette er noko vi kan dele med dei som sit einsame heime. Då blir det fleire varme hjarte i adventstida.

Av Alberte Handeland 9a